

Turmål i Vestre Slidre sumar/haust 2018 (23.6 - 14.10)



Nr	Turmål Min. 5 ulike turmål.	Informasjon om turmål + nedlasting av skjema Meir info: www.vestre-slidre-fjellstyre.no	Poeng pr. tur	Før på dato for turen Maks. 5 turar pr turmål	Sum
1	Kvithøvd 1001 moh Slidreåsen	Parker nedanfor Finneberg. Følg Slidrestølvegen 1,3 km, ta til høgre i kryss mot Slidrestølane. Følg stig vidare mot Volbu og ta til vestre på ca. høgste punkt.	25		
2	Olberg 987 moh	Følg veg mot Gamlestøladn og merka stig vidare.	15		
3	Rennefjell 1149 moh	Ope landskap, lett å gå frå alle himmelretingar. Høgaste punktet på heimsida av Syndin.	10		
4	Kruk 1582 moh Gilafjellet, Nørre Gilen	Parker ved Pyttingen på vestsida av brua mellom Midtre og Nørre Syndin. Stig frå stølsveg som tek av ca 400 m frå brua.	50		
5	Skardtjednet 970 moh sørenden av Gilafjellet	Stig startar ved parkeringsplass før krysset til Strø	10		
6	Knippa 1368 moh	Mange ulike startpunkt er mulig. Mest brukt er stig frå Grønsennhøgde, alternativt Jaslangen og Nøsen.	40		
7	Ålfjell 1137 moh	Mange ulike startpunkt er mulig. Turforslag frå Høyset	15		
8	Gråkampen 1595 moh Bukonofjellet	Kjør Grunkevegen ca 2 km innover frå Buaråne. Følg gamal veg opp mot stølane og ta av på stig til venstre etter ca 400 m.	50		
9	Langeberg 1040 moh v/Krististølen	Mange ulike startpunkt er mulig. Turmålskilt frå Krististølen.	10		
10	Skruvletjednet 1052 moh, Baklie	Kjør Baklievegen inn til Skruvla på vestsida av Storfjorden. Følg skilting til Skruvletjednet.	15		
Namn:			Samla poeng for turane (Min. 240 poeng for å få krus)		
Adresse:					
Mobilnr: E-post:					
Framlegg til turar: (alternativt sendt på e-post til vestre.slidre@fjellstyre.no)					



www.facebook.com/VestreSlidrefjellstyre



VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

www.vestre-slidre-fjellstyre.no



VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Valdres
SPAREBANK



Motiv på turmålkopp 2017, utsnitt av maleriet «Fjellgard» av Dag Gimle

Turmål i Vestre Slidre - 2018

Ti turmål er valt i ulike delar av kommunen. Du hentar poeng på kvar tur du tek. Dette gjer at du kan gå fleire turar til same posten om du ynskjer det. For å få krus må du ha minimum 5 ulike turmål med til saman 240 poeng.

For å finne meir info om dei forskjellige turmåla + sjå detaljert kart, kan du gå inn på www.vestre-slidre-fjellstyre.no. Turmåla kan ha mange ulike startpunkt og i tabellen er det eitt framlegg til turrote. Ved kvart turmål finn du ei turmålkasse med bok for å skrive inn namn og dato for besøket. Kontakttelefon fjellstyret 909 21 654/957 04 838.

Turmålkassene blir sett ut til Jonsoek (23.6) og vil bli henta inn etter haustferien (14.10).

Dei som har minimum 240 poeng fordelt på minimum 5 turmål, vil få eit poreslenskrus med motiv frå Vestre Slidre. Levering av skjema og henting av krus hjå Valdres sparebank, avd. Slidre i tida 15.10-1.12. Krusa er betalt av Valdres sparebank og Vestre Slidre fjellstyre.

Takk til dei som er med på dugnad med å sefja ut turmål.


Hugs at det er bandtvang for hund frå 1. april til 10. oktober.

God tur!

Vestre Slidre kommune Turmål 2018

På fjellstyret si nettside kan du laste ned detaljkart for kvart turmål:

www.vestre-slidre-fjellstyre.no



Turkart over kommunen i målestokk 1:50.000 får ein kjøpt på butikkane.